

St.prp. nr. 61

(2002–2003)

Om samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram ein proposisjon om samtykke til ratifikasjon av ein valfri protokoll om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet (barnekonvensjonen). Protokollen vart vedteken av FNs generalforsamling 25. mai 2000 etter å ha vorte framtinga av ei arbeidsgruppe oppnemnd av FNs menneskerettskommisjon i 1994. Ei anna arbeidsgruppe tinga i same tidsrom om ein valfri protokoll om sal av barn, barneprostituasjon og barnepornografi. Noreg ratifiserte denne protokollen 2. oktober 2001, på grunnlag av St.prp. nr. 58 (2000–2001).

Noreg deltok i arbeidsgruppene med representantar frå Utanriksdepartementet. Noreg skreiv under protokollen om barn i væpna konflikt den 13. juni 2000. Per april 2003 har 111 statar skrive under protokollen, og 51 statar har ratifisert. Protokollen tok til å gjelde 12. februar 2002.

Barnekonvensjonen artikkel 38 set ei nedre aldersgrense på 15 år for rekruttering og deltaking i væpna konflikt. Denne aldersgrensa følgjer òg av andre internasjonale instrument, til dømes tilleggssprotokoll I av 8. juni 1977 til Genèvekonvensjonane av 12. august 1949 (gjeld for internasjonale væpna konflikhtar) artikkel 77 nr. 2 og tilleggssprotokoll II

av 8. juni 1977 til Genèvekonvensjonane av 12. august 1949 (gjeld for ikkje-internasjonale væpna konflikhtar) artikkel 4 nr. 3 bokstav c). Vedtektene til Den internasjonale straffedomstol («Roma-vedtektene») av 17. juli 1998 fastset at rekruttering og bruk av personar under 15 år i stridshandlingar er eit krigsbrotsverk som denne domstolen har kompetanse til å straffeforfølgje, sjå Roma-vedtektene artikkel 8 nr. 2 bokstav b) xxvi) for internasjonale konflikhtar og artikkel 8 nr. 2 bokstav e) vii) for ikkje-internasjonale konflikhtar.

ILO-konvensjon nr. 182 av 17. juni 1999 om forbod mot og omgåande tiltak for å avskaffe dei verste formene for barnearbeid artikkel 3 bokstav a), reknar tvungen eller obligatorisk rekruttering av personar under 18 år med sikte på bruk av desse i væpna konflikt som ei av dei verste formene for barnearbeid og såleis som noko som skal vere forbode. Noreg ratifiserte ILO-konvensjonen 21. desember 2000 og er folkerettsleg bunde til å ikkje tvangsmessig rekruttere personar under 18 år til dei væpna styrkane til bruk i væpna konflikt.

Då barnekonvensjonen vart vedteken, meinte mange statar, mellom andre Noreg, at aldersgrensa på 15 år var for låg. Den valfrie protokollen hevar aldersgrensene for rekruttering og deltaking i væpna konflikt og andre kamphandlingar,

slik at aldersgrensene no skal vere 18 år både for deltaking og for tvungen rekruttering til dei væpna styrkane til ein stat. Når det gjeld frivillig rekruttering til dei væpna styrkane til ein stat, opnar protokollen for at statane kan binde seg til ei aldersgrense på 16, 17 eller 18 år. Denne kompromissløyninga var naudsynt for å få protokollen vedteken og opnar for at statane i det minste må heve den nasjonale aldersgrensa for rekruttering til dei væpna styrkane til 16 år. Regjeringa gjer i proposisjonen her framlegg om at Noreg bind seg til ei aldersgrense på 18 år for slik rekruttering.

Fordi frigjerings- og opprørsrørsler eller andre såkalla ikkje-statlege aktørar i stor grad rekrutterer og brukar personar under 18 år som soldatar, fastset protokollen ein skyldnad for statane til å forby og kriminalisere slik verksemd. Partane skal samarbeide om gjennomføringa av protokollen. Han opprettar òg eit frivillig fond for eventuell stønad til gjennomføringa. Partane skal rapportere til FNs barnekomité om den nasjonale gjennomføringa av skyldnadene i protokollen.

Regjeringa har ved Ot.prp. nr. 45 (2002–2003) gjort framlegg om at FNs barnekonvensjon med protokollar skal inkorporerast i norsk lov ved ei endring i menneskerettslova av 21. mai 1999. Der- som lovforslaget vert vedteke av Stortinget, vil ratifikasjon av den valfrie protokollen om barn i væpna konflikt innebære at protokollen gjeld som norsk lov og skal ved motstrid gå føre anna lovgjeving, jf. menneskerettslova § 3.

Som trykt vedlegg følgjer protokollen i engelsk autentisk versjon med omsetjing til norsk.

2 Hovudinnhaldet i protokollen

I *fortalen* vert det mellom anna stadfesta at rettane til barnet krev særleg vern, og at det er naudsynt å styrkje vernet av barn mot deltaking i væpna konflikt. Partane fordømmer åtak på barn i situasjonar med væpna konflikt.

Artikkel 1 slår fast at partane i protokollen skal gjere alle gjennomførlege tiltak for å sikre at personar i dei væpna styrkane sine som ikkje er fylt 18 år, ikkje deltek direkte i stridshandlingar.

Artikkel 2 fastset at partane skal sikre at det ikkje skjer tvangsmessig rekruttering av personar under 18 år til dei væpna styrkane sine.

Artikkel 3 regulerer frivillig rekruttering til dei væpna styrkane til partane. Etter *nr. 1* skal partane heve aldersgrensa for frivillig rekruttering i heile år frå den aldersgrensa som er fastsett i barnekonvensjonen artikkel 38 nr. 3, det vil seie 15 år. Etter *nr. 2* skal statane gje ei bindande erklæring ved

ratifikasjonen eller tiltredinga til protokollen som fastset den nedre aldersgrensa for når rekruttering til dei væpna styrkane til partane er tillate. Regjeringa gjer framlegg om at Noreg gjer slik bindande erklæring ved ratifikasjon av protokollen:

Kongeriket Noregs regjering erklærer etter protokollen artikkel 3 nr. 2 at den nedre aldersgrensa for rekruttering til frivillig teneste i dei væpna styrkane er 18 år.

Etter *nr. 3* skal partar som tillét frivillig rekruttering av personar under 18 år til dei væpna styrkane sine, halde ved lag vernetiltak for i det minste å sikre at rekrutteringa verkeleg er frivillig, at ho skjer med informert samtykke frå foreldra eller verja til personen, at personen er fullt ut informert om pliktene som følgjer av militærteneste, og at personen kan leggje fram påliteleg aldersprov før han eller ho vert teken inn i nasjonal militærteneste.

Nr. 4 opnar for at partane når som helst kan gje ei erklæring som set ei høgare aldersgrense for frivillig rekruttering. Etter *nr. 5* gjeld ikkje kravet om å heve aldersgrensa i nr. 1 for skular som vert drivne av dei væpna styrkane til partane, og som tek omsyn til prinsippa om barna si utdanning i barnekonvensjonen artikkel 28 og 29.

Artikkel 4 slår fast at væpna grupper utanfor dei væpna styrkane til ein stat ikkje under noko omstende bør rekruttere eller bruke personar under 18 år i stridshandlingar. Partane skal gjere alle gjennomførlege tiltak for å hindre slik rekruttering og bruk, mellom anna rettslege tiltak som krevst for å forby og kriminalisere slik praksis. Bruken av denne artikkelen skal ikkje røre ved den rettslege stillinga til nokon part i ein væpna konflikt.

Artikkel 5 presiserer at ikkje noko i protokollen skal tolkast på ein slik måte at det hindrar føresegnar i lovgjevinga til ein part eller i internasjonale instrument eller internasjonal humanitærrett som kan verkeleggjere barnerettane på ein betre måte.

Artikkel 6 slår fast at kvar part skal gjere alle rettslege, administrative eller andre tiltak som krevst for å sikre ei effektiv gjennomføring av føresegnene i protokollen innanfor jurisdiksjonen til parten. Partane bind seg til å gjere prinsippa og føresegnene i protokollen allment kjende, både for vaksne og barn. Partane skal vidare gjere alle gjennomførlege tiltak for å sikre at personar under deira jurisdiksjon som er rekrutterte eller brukte i stridshandlingar i strid med protokollen, vert dimitterte eller på annan måte tekne ut av teneste. Når det krevst, skal partane gje slike personar all høveleg hjelp for å rehabiliterte dei fysisk og psykologisk og reintegrere dei sosialt.

I *artikkel 7* vert det fastsett at partane skal sam-

arbeide om gjennomføringa av protokollen, mellom anna om å hindre kvar aktivitet som er i strid med protokollen, og om rehabilitering og reintegrering av offer for handlingar i strid med protokollen. Samarbeidet skal omfatte fagleg samarbeid og økonomisk hjelp, som skal gjennomførast i samråd med dei partane i protokollen som saka kjem ved, og relevante internasjonale organisasjonar. Partar som er i stand til det, skal yte slik hjelp gjennom eksisterande fleirsidige, tosidige og andre program eller gjennom eit frivillig fond.

Partane er pålagde å rapportere til FNs barnekomité om gjennomføringa av protokollen, jf. *artikkel 8*. Overvakinga av at partane gjennomfører skyldnadene sine skjer såleis på den same måten som for barnekonvensjonen.

Artikkel 9 tillét alle statar som er partar i barnekonvensjonen eller har underteikna han, å bli partar i protokollen. At det blir opna for at også statar som ikkje er partar i barnekonvensjonen kan slutte seg til protokollen, representerer eit unntak frå det alminnelege prinsippet om at berre partar i ein hovudkonvensjon kan bli partar i tilhøyrande valfrie protokollar. Dette unntaket må sjåast på bakgrunn av at barnekonvensjonen står i ei særstilling med tilnærma universell tilslutning. Unntaket gjorde det mogeleg for USA å bli part i protokollen. Den valfrie protokollen om sal av barn, barnprostitusjon og barnepornografi inneheld også same unntak. Instrument for ratifikasjon eller tiltreding skal deponerast hjå FNs generalsekretær. Generalsekretæren skal melde frå til alle partar i barnekonvensjonen og til statar som har skrive under barnekonvensjonen, om erklæringar etter protokollen artikkel 3. Avtrykk av FNs sertifiserte avtrykk av protokollen er nytta som vedlegg til denne proposisjonen. Ein må leggje til grunn at når dette avtrykket talar om artikkel 13 skulle det ha vore artikkel 3.

I *artikkel 10* vert det slått fast at protokollen tek til å gjelde tre månader etter at det tiande instrumentet for ratifikasjon eller tiltreding er deponert. Protokollen tok til å gjelde 12. februar 2002. For statar som no blir partar, tek han til å gjelde ein månad etter at instrumentet for ratifikasjon eller tiltreding er deponert.

Av *artikkel 11* følgjer det at kvar part kan seie opp protokollen når som helst ved skriftleg melding til FNs generalsekretær.

Etter *artikkel 12* kan protokollen endrast etter visse prosedyrar. *Artikkel 13* fastset at protokollen er inngått på arabisk, engelsk, fransk, kinesisk, russisk og spansk, og at alle tekstane er like gyldige. Protokollen skal deponerast i arkiva til FN.

3 Vurdering og tilråding

Den valfrie protokollen om barn i væpna konflikt må sjåast som eit viktig tiltak for å styrkje barn sine menneskerettar. Barn sine rettar blir prioriterte høgt i Noreg og i det norske arbeidet for internasjonalt vern av menneskerettane. Det er viktig at Noreg gjev støtte til arbeidet for å hindre bruk av barn i væpna konflikt, og ratifikasjon av protokollen vil vere eit ledd i den norske innsatsen på dette området.

På tidspunktet for underteikning av protokollen meinte ein at det var naudsynt med endringar i heimevernslova, vernepliktslova og straffelova for protokollen kunne ratifiserast. Endringar i heimevernslova og vernepliktslova vart vedtekne av Stortinget i november 2000 og sett i kraft i juli 2002, sjå lov 19. januar 2001 nr. 3. Endringa i straffelova vart vedteken i juni 2002 og sett i kraft same månad, sjå lov 28. juni 2002 nr. 54. Desse endringane medfører at Noreg oppfyller dei aldersgrensekrava som gjeld for deltaking i stridshandlingar (artikkel 1), tvungen rekruttering til dei væpna styrkane (artikkel 2) og rekruttering og bruk av soldatar av ikkje-statlege aktørar (artikkel 4).

Under framtinginga av protokollen gjekk Noreg inn for at det skulle innførast ei nedre aldersgrense på 18 år for frivillig rekruttering til dei væpna styrkane til staten (artikkel 3). Det vart vedteke eit fleksibelt system der statane ved erklæring kan velje om dei vil binde seg til ei aldersgrense på 16, 17 eller 18 år. Eit særskilt spørsmål i denne samanheng er om ordninga med heimevernsungdom (HV-ungdom) er til hinder for at Noreg kan binde seg til ei aldersgrense på 18 år for frivillig rekruttering til Forsvaret. Spørsmålet er aktuelt då heimevernslova opnar for, òg etter endringane av november 2000, at personar frå fylde 16 år, kan takast inn som frivillige i heimevernet, sjå heimevernslova § 5 fyrste ledd. Regjeringa har desse merknadene til spørsmålet:

HV-ungdom har eit formalisert tilhøve til Forsvaret. Det er likevel tilhøve i denne ordninga som gjer at ein ikkje kan sjå på HV-ungdommen som rekruttert til Forsvaret i protokollen si mening, fordi det må leggjast til grunn at ein person ikkje er rekruttert før vedkomande formelt eller de facto har vorte medlem av dei væpna styrkane med dei rettane og pliktene som dette medfører. HV-ungdommen skal ikkje få noka praktisk opplæring eller på annan måte delta i stridsrelatert verksemd og dei skal fritakast frå teneste der det kan tenkjast at Forsvaret må delta i kamphandlingar, sjå heimevernslova § 6 fyrste ledd. Etter heimevernslova § 4 fyrste ledd skal dei heller ikkje innrullerast som

Om samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet

vernepliktige. Vidare er HV-ungdom ikkje underlagde militær disiplinærmakt, og dei vert heller ikkje omfatta av militær straffelov. Dette er klart føresett i Ot.prp. nr. 61 (1999–2000). Deltakinga i HV-ungdommen skjer berre på frivillig grunnlag i fritida til ungdomane, og det kan ikkje setjast i verk noka form for tvangsreaksjon dersom nokon ynskjer å slutte eller ikkje vil møte opp til samlingane. Ein gjer her merksam på at HV-ungdom etter fast praksis ikkje kan straffast etter heimevernslova § 32 nr. 2, blant anna av di dei ikkje er mobiliseringsdisponerte. I korte trekk dreier HV-ungdommen seg om friluft- og fritidsaktivitetar av idrettsleg art med militære innslag. Ein viser elles til Ot.prp. nr. 61 (1999–2000) om endringer i heimevernslova og vernepliktslova.

Den nemnde proposisjonen føreset at ingen personar under 18 år skal reknast som medlemmer av dei væpna styrkane i landet etter lovendingane. Stortinget stilte seg bak denne føresetnaden, jf. Innst.O. nr. 6 (2000–2001).

Det vert lagt til grunn at gjennomføring av protokollen, med erklæring om at den nedre aldersgrensa for rekruttering til frivillig teneste i dei væpna styrkane er 18 år, ikkje krev lovendingar og heller ikkje medfører større økonomiske eller administrative konsekvensar.

Ratifikasjon av protokollen vert vurdert som ei så viktig sak at det krevst samtykke til ratifikasjon frå Stortinget etter Grunnlova § 26 andre ledd.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet

I

Stortinget gjev samtykke til ratifikasjon av valfri protokoll av 25. mai 2000 om barn i væpna konflikt

til FNs konvensjon av 20. november 1989 om rettane til barnet.

Vedlegg 1

Optional Protocol to the Convention on the Rights of the Child on the involvement of children in armed conflict

The States Parties to the present Protocol,

Encouraged by the overwhelming support for the Convention on the Rights of the Child, demonstrating the widespread commitment that exists to strive for the promotion and protection of the rights of the child,

Reaffirming that the rights of children require special protection, and calling for continuous improvement of the situation of children without distinction, as well as for their development and education in conditions of peace and security,

Disturbed by the harmful and widespread impact of armed conflict on children and the long-term consequences this has for durable peace, security and development,

Condemning the targeting of children in situations of armed conflict and direct attacks on objects protected under international law, including places generally having a significant presence of children, such as schools and hospitals,

Noting the adoption of the Statute of the International Criminal Court and, in particular, its inclusion as a war crime of conscripting or enlisting children under the age of 15 years or using them to participate actively in hostilities in both international and non-international armed conflicts,

Considering, therefore, that to strengthen further the implementation of rights recognized in the Convention on the Rights of the Child there is a need to increase the protection of children from involvement in armed conflict,

Noting that article 1 of the Convention on the Rights of the Child specifies that, for the purposes of that Convention, a child means every human being below the age of 18 years unless, under the law applicable to the child, majority is attained earlier,

Convinced that an optional protocol to the Convention raising the age of possible recruitment of

Valgfri protokoll om barn i væpnet konflikt til konvensjonen om barnets rettigheter

De stater som er part i denne protokoll,

som er oppmuntret av den overveldende støtten Konvensjonen om barnets rettigheter har fått, noe som viser det vidtrekkende engasjement som finnes for å fremme og verne om barnets rettigheter,

som bekrefter på ny at barns rettigheter krever særskilt vern, og oppfordrer til stadig forbedring av barns kår uten forskjellsbehandling, og for deres utvikling og utdanning under fredelige og trygge forhold,

som er foruroliget over de skadelige og omfattende følger væpnet konflikt har på barn og de langsiktige konsekvenser dette har for varig fred, sikkerhet og utvikling,

som fordømmer det faktum at barn er skyteskiver under væpnede konflikter og at det rettes direkte angrep mot mål som er beskyttet etter folkeretten, herunder steder som vanligvis samler et betydelig antall barn, som f.eks. skoler og sykehus,

som merker seg vedtakelsen av Vedtektene for Den internasjonale straffedomstol, og særlig at de definerer det å utskrive eller verve barn under femten år eller å bruke dem til å delta aktivt i fiendtligheter både i internasjonale og ikke-internasjonale væpnede konflikter, som en krigsforbrytelse,

som derfor mener at for å ytterligere styrke gjennomføringen av de rettigheter som er anerkjent i Konvensjonen om barnets rettigheter, er det nødvendig å gi barn bedre beskyttelse mot å bli trukket inn i væpnet konflikt,

som merker seg at artikkel 1 i Konvensjonen om barnets rettigheter presiserer at for så vidt angår den konvensjonen, menes med barn ethvert menneske under 18 år, med mindre myndighetsalder nås tidligere ved lovgivning som gjelder barnet,

som er overbevist om at en valgfri protokoll til konvensjonen som hever aldersgrensen for mulig

persons into armed forces and their participation in hostilities will contribute effectively to the implementation of the principle that the best interests of the child are to be a primary consideration in all actions concerning children,

Noting that the twenty-sixth international Conference of the Red Cross and Red Crescent in December 1995 recommended, *inter alia*, that parties to conflict take every feasible step to ensure that children under the age of 18 years do not take part in hostilities,

Welcoming the unanimous adoption, in June 1999, of International Labour Organization Convention No. 182 on the Prohibition and Immediate Action for the Elimination of the Worst Forms of Child Labour, which prohibits, *inter alia*, forced or compulsory recruitment of children for use in armed conflict,

Condemning with the gravest concern the recruitment, training and use within and across national borders of children in hostilities by armed groups distinct from the armed forces of a State, and recognizing the responsibility of those who recruit, train and use children in this regard,

Recalling the obligation of each party to an armed conflict to abide by the provisions of international humanitarian law,

Stressing that this Protocol is without prejudice to the purposes and principles contained in the Charter of the United Nations, including Article 51, and relevant norms of humanitarian law,

Bearing in mind that conditions of peace and security based on full respect of the purposes and principles contained in the Charter and observance of applicable human rights instruments are indispensable for the full protection of children, in particular during armed conflicts and foreign occupation,

Recognizing the special needs of those children who are particularly vulnerable to recruitment or use in hostilities contrary to this Protocol owing to their economic or social status or gender,

Mindful of the necessity of taking into consideration the economic, social and political root causes of the involvement of children in armed conflicts,

Convinced of the need to strengthen international cooperation in the implementation of this Protocol, as well as the physical and psychosocial rehabilitation and social reintegration of children who are victims of armed conflict,

Encouraging the participation of the community and, in particular, children and child victims in

rekruttering av personer til de væpnede styrker og deres deltakelse i fiendtligheter, vil bidra effektivt til å gjennomføre prinsippet om at ved alle handlinger som vedrører barn skal det først og fremst tas hensyn til hva som gavner barnet best,

som merker seg at Røde Kors og Røde Halvmånes tjuesjette internasjonale konferanse i desember 1995 blant annet anbefalte at parter i konflikter skal ta alle gjennomførbare skritt for å sikre at barn under 18 år ikke tar del i fiendtligheter,

som gleder seg over den enstemmige vedtakelsen i juni 1999 av ILO-konvensjon nr. 182 om forbud mot og umiddelbare tiltak for å avskaffe de verste former for barnearbeid, som blant annet forbyr tvungen eller obligatorisk rekruttering av barn for bruk i væpnet konflikt,

som med største uro fordømmer det faktum at væpnede grupper utenfor en stats væpnede styrker rekrutterer, trener og bruker barn i fiendtligheter innenfor og på tvers av nasjonale grenser, og som erkjenner ansvaret som påhviler dem som rekrutterer, trener og bruker barn for dette formål,

som minner om den forpliktelse hver av partene i en væpnet konflikt har til å følge bestemmelsene i internasjonal humanitærrett,

som understreker at denne protokoll ikke har innvirkning på formålene og prinsippene nedfelt i De forente nasjoners pakt, herunder artikkel 51 og relevante normer i humanitærretten,

som er klar over at fred og sikkerhet basert på full respekt for formålene og prinsippene i De forente nasjoners pakt og etterlevelse av gjeldende menneskerettighetsinstrumenter, er helt nødvendig for å sikre barn full beskyttelse, særlig under væpnede konflikter og fremmed okkupasjon,

som erkjenner de særskilte behovene til barn som er særlig utsatt for rekruttering til eller bruk i fiendtligheter i strid med denne protokoll, på grunn av deres økonomiske og sosiale status eller kjønn,

som også er klar over at det er nødvendig å ta i betraktning de økonomiske, sosiale og politiske underliggende årsakene til at barn trekkes inn i væpnede konflikter,

som er overbevist om behovet for å styrke internasjonalt samarbeid ved gjennomføringen av denne protokoll, samt fysisk og psykisk rehabilitering og sosial integrasjon av barn som er offer for væpnede konflikter,

som oppmuntrer samfunnet og særlig barn, og barn som har vært offer for slike handlinger, til å

the dissemination of informational and educational programmes concerning the implementation of the Protocol,

Have agreed as follows:

Article 1

States Parties shall take all feasible measures to ensure that members of their armed forces who have not attained the age of 18 years do not take a direct part in hostilities.

Article 2

States Parties shall ensure that persons who have not attained the age of 18 years are not compulsorily recruited into their armed forces.

Article 3

1. States Parties shall raise in years the minimum age for the voluntary recruitment of persons into their national armed forces from that set out in article 38, paragraph 3, of the Convention on the Rights of the Child, taking account of the principles contained in that article and recognizing that under the Convention persons under 18 are entitled to special protection.
2. Each State Party shall deposit a binding declaration upon ratification of or accession to this Protocol that sets forth the minimum age at which it will permit voluntary recruitment into its national armed forces and a description of the safeguards that it has adopted to ensure that such recruitment is not forced or coerced.
3. States Parties that permit voluntary recruitment into their national armed forces under the age of 18 shall maintain safeguards to ensure, as a minimum, that:
 - a. Such recruitment is genuinely voluntary;
 - b. Such recruitment is done with the informed consent of the person's parents or legal guardians;
 - c. Such persons are fully informed of the duties involved in such military service;
 - d. Such persons provide reliable proof of age prior to acceptance into national military service.
4. Each State Party may strengthen its declaration at any time by notification to that effect addressed to the Secretary-General of the United Nations, who shall inform all States Parties. Such notification shall take effect on the date on which it is received by the Secretary-General.

bidra til å spre informasjon og holdningsskapende programmer om gjennomføringen av protokollen,

er blitt enige om følgende:

Artikkel 1

Partene skal treffe alle gjennomførbare tiltak for å sikre at personer i deres væpnede styrker som ikke er fylt 18 år, ikke deltar direkte i fiendtligheter.

Artikkel 2

Partene skal sikre at personer som ikke er fylt 18 år, ikke tvangsrekrutteres til deres væpnede styrker.

Artikkel 3

1. Partene skal heve den nedre aldersgrensen, med hele år, for rekruttering av personer til frivillig tjeneste i deres nasjonale væpnede styrker i forhold til den som er nedfelt i artikkel 38 nr. 3 i Konvensjonen om barnets rettigheter, idet det tas hensyn til prinsippene i nevnte artikkel, og i erkjennelse av at i henhold til konvensjonen har personer under 18 år rett til særlig beskyttelse.
2. Hver part skal deponere en bindende erklæring ved ratifikasjon eller tiltredelse til denne protokoll, som angir den nedre aldersgrensen for rekruttering til frivillig tjeneste i dens nasjonale væpnede styrker, samt en beskrivelse av de beskyttelsestiltak den har innført for å sikre at slik rekruttering ikke skjer under tvang.
3. Parter som tillater frivillig rekruttering av personer under 18 år til sine nasjonale væpnede styrker, skal opprettholde beskyttelsestiltak for i det minste å sikre at:
 - a. slik rekruttering virkelig er frivillig,
 - b. slik rekruttering skjer med informert samtykke fra denne personens foreldre eller verge,
 - c. slike personer er fullt informert om pliktene forbundet med slik militærtjeneste,
 - d. slike personer gir pålitelig bevis på sin alder før de tas inn i nasjonal militærtjeneste.
4. Hver part kan styrke sin erklæring på ethvert tidspunkt ved å gi underretning om dette til De forente nasjoners generalsekretær, som skal informere samtlige parter. Underretningen får virkning fra den dag den mottas av Generalsekretæren.

5. The requirement to raise the age in paragraph 1 of the present article does not apply to schools operated by or under the control of the armed forces of the States Parties, in keeping with articles 28 and 29 of the Convention on the Rights of the Child.

Article 4

1. Armed groups that are distinct from the armed forces of a State should not, under any circumstances, recruit or use in hostilities persons under the age of 18 years.
2. States Parties shall take all feasible measures to prevent such recruitment and use, including the adoption of legal measures necessary to prohibit and criminalize such practices.
3. The application of the present article under this Protocol shall not affect the legal status of any party to an armed conflict.

Article 5

Nothing in the present Protocol shall be construed as precluding provisions in the law of a State Party or in international instruments and international humanitarian law that are more conducive to the realization of the rights of the child.

Article 6

1. Each State Party shall take all necessary legal, administrative and other measures to ensure the effective implementation and enforcement of the provisions of this Protocol within its jurisdiction.
2. States Parties undertake to make the principles and provisions of the present Protocol widely known and promoted by appropriate means, to adults and children alike.
3. States Parties shall take all feasible measures to ensure that persons within their jurisdiction recruited or used in hostilities contrary to this Protocol are demobilized or otherwise released from service. States Parties shall, when necessary, accord to these persons all appropriate assistance for their physical and psychological recovery and their social reintegration.

Article 7

1. States Parties shall cooperate in the implementation of the present Protocol, including in the prevention of any activity contrary to the Proto-

5. Kravet om å heve aldersgrensen i nr. 1 gjelder ikke for skoler som drives av partenes væpnede styrker eller er under deres kontroll, i samsvar med artikkel 28 og 29 i Konvensjonen om barnets rettigheter.

Artikkel 4

1. Væpnede grupper utenfor en stats væpnede styrker bør ikke under noen omstendigheter rekruttere eller bruke i fiendtligheter personer som er under 18 år.
2. Partene skal treffe alle gjennomførbare tiltak for å hindre slik rekruttering og bruk, herunder innføring av rettslige tiltak som er nødvendige for å forby og kriminalisere slik praksis.
3. Anvendelsen av denne artikkel i protokollen skal ikke berøre den rettslige stillingen til noen part i en væpnet konflikt.

Artikkel 5

Ikke noe i denne protokoll skal tolkes på en slik måte at det utelukker bestemmelser i en parts nasjonale rett eller i internasjonale instrumenter og i den internasjonale humanitærretten som bedre kan virkeliggjøre barnets rettigheter.

Artikkel 6

1. Hver part skal treffe alle nødvendige rettslige, administrative og andre tiltak for å sikre effektiv gjennomføring og håndheving av bestemmelsene i denne protokoll innenfor sin jurisdiksjon.
2. Partene forplikter seg til å gjøre prinsippene og bestemmelsene i denne protokoll vidt kjent og fremme dem med hensiktsmessige midler både blant voksne og barn.
3. Partene skal treffe alle gjennomførbare tiltak for å sikre at personer innenfor deres jurisdiksjon som er rekruttert eller brukt under fiendtligheter i strid med denne protokoll, blir dimittert eller på annen måte tatt ut av tjeneste. Partene skal, om nødvendig, gi disse personer all hensiktsmessig støtte med henblikk på fysisk og psykisk rehabilitering og sosial reintegrering.

Artikkel 7

1. Partene skal samarbeide ved gjennomføringen av denne protokoll, herunder hindring av enhver virksomhet som er i strid med protokollen

col and in the rehabilitation and social reintegration of persons who are victims of acts contrary to this Protocol, including through technical cooperation and financial assistance. Such assistance and cooperation will be undertaken in consultation with concerned States Parties and relevant international organizations.

2. States Parties in a position to do so shall provide such assistance through existing multilateral, bilateral or other programmes, or, *inter alia*, through a voluntary fund established in accordance with the rules of the General Assembly.

Article 8

1. Each State Party shall submit, within two years following the entry into force of the Protocol for that State Party, a report to the Committee on the Rights of the Child providing comprehensive information on the measures it has taken to implement the provisions of the Protocol, including the measures taken to implement the provisions on participation and recruitment.
2. Following the submission of the comprehensive report, each State Party shall include in the reports they submit to the Committee on the Rights of the Child, in accordance with article 44 of the Convention, any further information with respect to the implementation of the Protocol. Other States Parties to the Protocol shall submit a report every five years.
3. The Committee on the Rights of the Child may request from States Parties further information relevant to the implementation of this Protocol.

Article 9

1. The present Protocol is open for signature by any State that is a party to the Convention or has signed it.
2. The present Protocol is subject to ratification and is open to accession by any State. Instruments of ratification or accession shall be deposited with the Secretary-General of the United Nations.
3. The Secretary-General, in his capacity as depositary of the Convention and the Protocol, shall inform all States Parties to the Convention and all States that have signed the Convention of each instrument of declaration pursuant to article 13.¹

¹ I FNs sertifiserte versjon av protokollen vises det til artikkel 13. Det fremgår imidlertid klart fra vedtakelsen av protokollen i FNs generalforsamling at det skal være artikkel 3.

og rehabilitering og sosial integrering av personer som er offer for handlinger som er i strid med denne protokoll, også gjennom faglig samarbeid og økonomisk bistand. Slik bistand og samarbeid skal iverksettes i samråd med de berørte parter og aktuelle internasjonale organisasjoner.

2. Parter som er stand til det, skal yte slik bistand gjennom eksisterende multilaterale, bilaterale og andre programmer, eller blant annet gjennom et frivillig fond opprettet i samsvar med Generalforsamlingens regler.

Artikkel 8

1. Innen to år etter at protokollen er trådt i kraft for en part skal parten oversende en rapport til Komiteen for barnets rettigheter med fullstendig informasjon om de tiltak som er truffet for å gjennomføre protokollens bestemmelser, herunder tiltak truffet for å gjennomføre bestemmelsene om deltakelse og rekruttering.
2. Etter at denne fullstendige rapporten er lagt fram, skal hver part inkludere i rapporter som de forelegger for Komiteen for barnets rettigheter i samsvar med artikkel 44 i konvensjonen, enhver ny opplysning om gjennomføringen av protokollen. Andre protokollparter skal legge fram rapport hvert femte år.
3. Komiteen for barnets rettigheter kan be partene om ytterligere opplysninger som er relevante for gjennomføringen av denne protokoll.

Artikkel 9

1. Denne protokoll er åpen for undertegning av enhver stat som er part i konvensjonen eller som har undertegnet den.
2. Denne protokoll skal ratifiseres eller er åpen for tiltredelse av enhver stat. Ratifikasjons- eller tiltredelsesdokumenter skal deponeres hos De forente nasjoners generalsekretær.
3. De forente nasjoners generalsekretær skal som depositar for konvensjonen og protokollen, underrette alle partene i konvensjonen og alle stater som har undertegnet konvensjonen om enhver erklæring i henhold til artikkel 13¹.

¹ I FNs sertifiserte versjon av protokollen vises det til artikkel 13. Det fremgår imidlertid klart fra vedtakelsen av protokollen i FNs generalforsamling at det skal være artikkel 3.

Article 10

1. The present Protocol shall enter into force three months after the deposit of the tenth instrument of ratification or accession.
2. For each State ratifying the present Protocol or acceding to it after its entry into force, the present Protocol shall enter into force one month after the date of the deposit of its own instrument of ratification or accession.

Article 11

1. Any State Party may denounce the present Protocol at any time by written notification to the Secretary-General of the United Nations, who shall thereafter inform the other States Parties to the Convention and all States that have signed the Convention. The denunciation shall take effect one year after the date of receipt of the notification by the Secretary-General. If, however, on the expiry of that year the denouncing State Party is engaged in armed conflict, the denunciation shall not take effect before the end of the armed conflict.
2. Such a denunciation shall not have the effect of releasing the State Party from its obligations under the present Protocol in regard to any act that occurs prior to the date on which the denunciation becomes effective. Nor shall such a denunciation prejudice in any way the continued consideration of any matter that is already under consideration by the Committee prior to the date on which the denunciation becomes effective.

Article 12

1. Any State Party may propose an amendment and file it with the Secretary-General of the United Nations. The Secretary-General shall thereupon communicate the proposed amendment to States Parties, with a request that they indicate whether they favour a conference of States Parties for the purpose of considering and voting upon the proposals. In the event that, within four months from the date of such communication, at least one third of the States Parties favour such a conference, the Secretary-General shall convene the conference under the auspices of the United Nations. Any

Artikkel 10

1. Denne protokoll skal tre i kraft tre måneder etter at det tiende ratifikasjons- eller tiltredelsesdokument er deponert.
2. For hver stat som ratifiserer denne protokoll eller som tiltrer protokollen etter at den er trådt i kraft, skal protokollen tre i kraft én måned etter den dato vedkommende stat deponerte sitt eget ratifikasjons- eller tiltredelsesdokument.

Artikkel 11

1. Enhver part kan si opp denne protokoll når som helst med skriftlig underretning til De forente nasjoners generalsekretær, som deretter skal informere de øvrige parter i konvensjonen og alle stater som har undertegnet konvensjonen. Oppsigelsen får virkning ett år etter den dato De forente nasjoners generalsekretær mottok underretningen. Hvis imidlertid den part som har gitt oppsigelse, er involvert i en væpnet konflikt ved utgangen av den ovennevnte fristen på ett år, får oppsigelsen ikke virkning før den væpnede konflikten er avsluttet.
2. En slik oppsigelse skal ikke medføre at vedkommende part fritas fra sine forpliktelser etter denne protokoll med hensyn til handlinger som inntreffer før den dato oppsigelsen får virkning. En slik oppsigelse skal heller ikke på noen måte berøre fortsatt behandling av en sak som allerede er tatt opp til behandling i komiteen før den dato oppsigelsen får virkning.

Artikkel 12

1. Enhver part kan foreslå en endring og oversende forslaget til De forente nasjoners generalsekretær. Generalsekretæren skal deretter meddele endringsforslaget til partene, med anmodning om at de opplyser om de ønsker at det holdes en partskonferanse for å behandle og stemme over forslagene. Dersom minst en tredel av partene innen fire måneder etter datoen for meddelelsen ønsker en slik konferanse, skal Generalsekretæren sammenkalle konferansen i De forente nasjoners regi. Enhver endring som er vedtatt av et flertall av de parter som er til stede og avgir stemme ved konferan-

amendment adopted by a majority of States Parties present and voting at the conference shall be submitted to the General Assembly for approval.

2. An amendment adopted in accordance with paragraph 1 of the present article shall enter into force when it has been approved by the General Assembly of the United Nations and accepted by a two-thirds majority of States Parties.
3. When an amendment enters into force, it shall be binding on those States Parties that have accepted it, other States Parties still being bound by the provisions of the present Protocol and any earlier amendments that they have accepted.

Article 13

1. The present Protocol, of which the Arabic, Chinese, English, French, Russian and Spanish texts are equally authentic, shall be deposited in the archives of the United Nations.
2. The Secretary-General of the United Nations shall transmit certified copies of the present Protocol to all States Parties to the Convention and all States that have signed the Convention.

sen, skal forelegges Generalforsamlingen for godkjenning.

2. En endring som er vedtatt i samsvar med nr. 1 i denne artikkel, skal tre i kraft når den er godkjent av De forente nasjoners generalforsamling og godtatt med to tredels flertall av partene.
3. Når en endring trer i kraft, skal den være bindende for partene som har godtatt den, mens de øvrige partene fremdeles er bundet av bestemmelsene i denne protokoll og eventuelle tidligere endringer som de har godtatt.

Artikkel 13

1. Denne protokoll, utferdiget på arabisk, kinesisk, engelsk, fransk, russisk og spansk der alle tekstene har samme gyldighet, skal deponeres i De forente nasjoners arkiver.
2. De forente nasjoners generalsekretær skal oversende bekreftede kopier av denne protokoll til alle partene i konvensjonen og til alle stater som har undertegnet konvensjonen.

